



# Straumnett

## Nøytralitetsrapport 2021

### Nettselskap skal opptre nøytralt

Straumnett er eit nettselskap med monopol på overføring av elektrisk energi i vårt konsesjonsområde. Derfor er Straumnett underlagt forskriftskrav om å opptre nøytralt og ikkje diskriminerande ovanfor straumleverandørar og kundar når det gjelder leveranse av ulike tenester og tilgang til desse tenestene.

### Lov og forskrifter

Lov: Energiloven § 4-6


Forskrifter: Forskrift om endring i forskrift om måling, avregning, fakturering av nettjenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv. §1 og §8

### Om Straumnett

Straumnett har ved utgangen av 2021 ca. 3600 nettkundar.

Straumnett er organisert som eit dotterselskap til Årdal Energi Holding AS og er underlagt krav om selskapsmessig skilje. Årdal Energi Holding AS har også dotterselskap som har virksomheit under kraftomsetning (Årdal Kraftlag) og telekommunikasjon (Årdalsnett)

Straumnett har også eigerandelar i Ren AS 0,2%. Seis AS 18,8% og Nettalliansen 2,4%



## Nøytralitetsansvarleg

I Straumnett er Jan Stian Smedegård nøytralitetsansvarleg.

## Oversikt over personer med fleire roller i konsernet

Stilling/Rolle Straumnett	Anna stilling/rolle ÅEH
Styreleiar	Styreleiar Årdal Energi Holding Styreleiar Årdal Kraftlag
Styremedlem	Styremedlem Årdal Energi Holding Styremedlem Årdal Kraftlag
Dagleg leiar	Dagleg leiar Årdal Energi Holding Dagleg leiar Årdal Kraftlag Styremedlem Årdalsnett

Straumnett kjøper økonomi tenester frå Årdal Kraftlag.

Kundebehandlere i Straumnett er kjent med at alle nettkundar skal behandlast likt og gis same servicenivå uavhengig av korleis kraftleverandør dei har. Datautveksling med kraftmarknadsaktørar føregår via Elhub.

Alle tilsette er underlagt ein generell taushetsplikt og skal ikkje dele selskapsintern eller sensitiv informasjon utanfor selskapet.

Sentralbordløyising er felles i konsernet, men er satt opp for å tilfredstilla krav til nøytralitet.

Straumnett gjennomfakturerar for 2 kraftleverandørar.

Nettkundar utan avtale om gjennomfakturering blir fakturert av Straumnett.

Straumnett har objektive og ikkje diskriminerande tariffar for alle sine kundar, og tariffane er tilgjengelege på [www.straumnett.no](http://www.straumnett.no)

Straumnett har i 2021 ikkje hatt klagar knytt til nøytral opptreden.

## Marknad og kommunikasjon

Straumnett har eigen heimeside [www.straumnett.no](http://www.straumnett.no).

Straumnett sin logo skiller seg klart frå andre selskap i konsernet.

Epostadresser i Straumnett er [namn@straumnett.no](mailto:namn@straumnett.no)